



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid Sokneråd

Referat frå møte i Kviteseid Sokneråd onsdag 25. april 2018 kl. 18.00

På bedehuset i Vrådalen

Innkalla og møtte:

Leiar: Håkon Birkeland, Nestleiar: Magnhild Vaagen Kvalbein, Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Hans Kristian Aabø, Hanne Roholdt, Gunn Karin Eikåsen, Sokneprest Møyfrid Lunde, 1.vara: Reidun Øverbø Fisketjønn, Kyrkjeverje Kristen Salmelid
Gjest til sak 35/18: Tore Gullaksen

Fråfall: Vidar Syrtveit Mikalsen, Kommunens representant Tore Åsland

Soknerådet møttest ved Vrådalen kyrkje kl. 18.00 til synfaring og samtale om litt praktiske ting med kyrkjebygget, inventar og gravplassen.

Så fortsette fylgjet til Vrådalen gamle kyrkjestad på Roholdt. Takk til Hanne og Leif Roholdt for nyttig og interessant innføring i historia bak kyrkja. (Sjå sak frå møtet)

Møtet var på Vrådalen bedehus.

Ord for dagen ved Møyfrid Lunde.

Servering v/Håkon Birkeland.

Mail kopi innkalling til revisor Mariann Todal

(Referat sendes i tillegg til ordførar Tarjei Gjelstad, rådmann Øystein Tveit, økonomisjef Lothar Edel, rekneskapsførar Laila Maria Andreasen og prost Asgeir Sæle)

Sak 30/18	Innkalling og sakliste	HB
Forslag til vedtak: Innkallinga sendt ut på e-post måndag 16.april er godkjend. Møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend. VEDTAK: Innkallinga sendt ut på e-post måndag 16.april er godkjend. Feil med saksnummer vart korrigert. Møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend.		
Sak 31/18	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 23.01.2018	HB
Forslag til VEDTAK: Referatet frå møtet 28.02.2018, sendt ut på mail 06.03.2018, vart godkjend utan merknader. VEDTAK: Referatet frå møtet 28.02.2018, sendt ut på mail 06.03.2018, vart godkjend. Nokre kommentarar om referatskrivinga vart teken til vitande.		

Sak 32/18	Post og meldingar	MG, HB, ML, KS
<p>1. <u>Marit Gotuholt</u> orientera om føreståande arrangement:</p> <ol style="list-style-type: none"> a. 30.mars.: <i>Konsert langfredag i Kviteseid kyrkje ved 'Quartet on the corner' vart avlyst grunna sjukdom.</i> b. 9. juni: Konsert ved Kviteseid hornmusikk og Herre ungdomskorps i Kviteseid kyrkje. c. 1. juli kl. 19.30: Konsert i Kviteseid kyrkje ved Operagutta for 5. år på rad. d. 23. sept.: Konsert i Kviteseid kyrkje kl. 19.00 ved Seljord songlag som syng tekstar av Olav Mosdøl arrangert av Oddbjørn Aase. e. 2. nov.: Gratis allehelgensdag-konsert i Kviteseid kyrkje ved Jan Haugen med fleire. f. 8.des.: Julekonsert ved Emil Solli Tangen mfl. i Kviteseid kyrkje kl. 19.00 g. Adventskonsertar i Vrådal kyrkje (dato/kl.....), og Kviteseid kyrkje 16.12. <p>2. <u>Møyfrid Lunde</u> om</p> <ol style="list-style-type: none"> a. <i>Fellesmøteene 9.-11- mars: Dei var godt besøkt. Gode tilbakemeldingar.</i> b. Godheitsveka 2018 (3.-10.5.) Over 50 medarbeidarar har meldt seg. Stand i Kviteseid ved Kiwi laurdag 28.4. for å få inn fleire oppdrag. c. Felles sangmøte i september: Avlyst. d. <u>Saker frå møtet i Diakoniutvalget 18.april:</u> Diakoniutvalget serverer mat ved fleire arrangement, mellom anna på Midtsundtoppen, arrangerer snart vårfest for Lundenjordet. Har elles førmiddagstreff kvar månad og blome-helsing til jubilarar. Til hausten vert det eit utvida diakonimøte saman med representantar frå Brukeberg, Vrådal og Fjågesund/kilen som arbeidar med diakoni. Diakoniutvalet spør om Helgemesse kan rotere i soknet, og ikkje alltid vera i Kviteseid. Utvalet skal ha møte med KOS om korleis dei kan gje eit betre tilbod til brukarane der. Ang. kyrkjeskyss så skal vi spørje om folk ynskjer å hentast i staden for at dei som ynskjer sjølv alltid skal spørje om skyss. e. Endring av tider for gudstenester i juli grunna ferieavvikling for prest. Nokre gudstenester vert i sommar kl. 18.00 i staden for kl. 11.00 av de sokneprestane i Kviteseid og i Seljord skal avløyse kvarandre i ferien. <p>3. Kyrkjegardsvedtektene soknerådet gjorde vedtak om tidlegare, er ikkje godkjende frå Bispedømmerådet enda. Saka stoppa litt opp litt der, men er nå etter påminning til handsaming hos kyrkjegardskonsulenten i kyrkjerådet.</p> <p>4. Arbeida med vindauge-glasa : To blyglas er ferdig renovert. Venter på frostfrie netter før isetjing. Verneglassa arbeidast med. Begge firma blir fylgt tett opp.</p> <p>5. Søknad om oppheng av kyrkjeskip i Kilen kapell er enda ikkje respondert på frå biskopen. Påminning er sendt.</p> <p>6. Investeringsprosjekta for 2018:</p> <ol style="list-style-type: none"> a. Automatisk ringeanlegg Kviteseid: Saken fylgjes opp. Tilbod er motteke frå den einaste som driv med slikt i Noreg: Olsen-Nauen Klokkestøperi i Barkåker. Det er dei som òg har laga klokkene vi har i kyrkja. Tilbodet er innanfor budsjetttramma og søknad til biskop er sendt. Dei involverer Riksantikvar fordi kyrkja er listeført. b. Taket på Brunkeberg tårn og apsisen på gamle-kyrkja: Riksantikvaren har gitt noen råd og ber om tett dialog vidare. Vi skal i Brunkeberg ikkje skifte meir enn naudsynt, altså kanskje ikkje alle fire flatene. Spon frå Tinnoset sag og handskoren eller saga frå Olav Kvålgard vil bli vurderast opp mot kvarandre. Venter på tilbod frå begge. Aksel Andersen og Halvor Bjåland er lokale 'konsulentar' godkjende av Riksantikvaren. Vi har god dialog med dei, og dei vil òg hjelpe med praktiske saker ved behov. Riving av gammalt og legginga av ny spon må ein ha ein tømmermann til å gjera. Prosjektet fylgjast opp. 		

7. Arbeidstilsynet meldte tilsyn og vitja kyrkjekontoret 23.4. Tilsynet var ein del av ein felles aksjon av fleire offentlege etatar, men berre Arbeidstilsynet kom denne gongen. Dei er i desse dagar rundt på alle kyrkjekontor i alle fall i dette prostiet. Temaet for tilsynet var 'kartlegging av farer og problem, vurdering av risiko, og planer og tiltak'. Soknerådsleiar og verneombod var til stades. Det blir truleg nokre avvik, for alt arbeid med risikovurdering og handlingsplanar kan forbeholdast. Staben er med i prosessen vidare.
8. Fasteaksjonen 2018 hadde eit resultat på kr 35.611 i kontantar, + vipps, totalt kr 39.300. (2017: kr 46.000, 2016: kr 41.000) Takk til soknerådsmedlemmar med Hans Kristian Aabø i spissen for godt gjennomført aksjon.
9. Diakoniens dag på Dalen 8. april vart vitja av biskopen. Generalsekretær for Kirkens bymisjon fortalte engasjert om arbeidet og presenterte årets TV-aksjon i NRK som skal gå til Kirkens bymisjon.
10. Kirkens SOS i Telemark hadde nyleg sitt representantskapsmøte der nytt styre vart vald. Marit Gotuholt som var soknerådet si utsending påpeika at det er viktig å halda fram med å ha ofringar til dette viktige arbeidet.
11. Dugnadane på kyrkjegardane i mai er annonsert og kyrkjelydsutvala stiller med kaffi.

Sak 33/18, FR	Rekneskapsrapport jan-mars 2018	KS
----------------------	--	-----------

Rekneskapsfører har levert rapport for 1. kvartal 2018. Den er berre delvis periodisert av kyrkjevevja og har nokre usikre tal. Avdelingsvis har 'Administrasjon' og 'Andre formål' fine driftsresultat, mens 'Kyrkjer' og 'Kyrkjegardar' har nokre tal som er usikre og nokre som ikkje er periodisert, som samla gjev eit litt dårlegare resultat. Mellom anna er det store utgifter til vinterbrøyting (ikkje alle er ført her) og forsikringar er ikkje periodisert (gjeld for heile året). Stort avvik på overføring frå gravlegat, skuldast moms som ikkje var ført i 2017, og måtte korrigerast på 1. termin 2018.

Driftsresultatet samle syner med desse tala, kr 262.000 i overforbruk.

Vedlegg: Rekneskapsrapport 2018, 1-3

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet tek den framlagde rekneskapsrapporten til vitande.

Eit par tal som ikkje vart forklart under møtet var

1. store innkjøp på 111 Kyrkjer i fyrste kvartal: Hovudsakeleg Særkalkar og miksepult til Kviteseid kyrkje
2. og på 112 Kyrkjegardar Overføring frå gravlegat og Sal av varer og tenester gjaldt begge korrigering av føringar av stell av graver i 2017 og betaling av moms på dette, noko revisor hadde påpeika.

VEDTAK:

Som føreslege.

Sak 34/18, FR	Revisjonsberetning for 2017	KS
----------------------	------------------------------------	-----------

Telemark kommunerevisjon IKS har levert revisjonsberetning for 2017. Etter deira meining er rekneskapan slik den er lagt fram for 2017 funnet i orden og til å vera i samsvar med lover og forskrifter. (Sjå brevet vedlagt).

Det vart ikkje funne nokon feil så store at rekneskapan for 2017 måtte endrast. Nokon er midlertidig retta opp i 1. kvartal 2018, og nokre saker må fylgjast opp i samband med årsavslutninga for 2018. Detaljert brev om dette kjem frå revisoren seinare.

Vedlegg: Revisjonsberetning 2017

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet tek revisjonsberetningen til vitande.

VEDTAK:

Som føreslege.

Sak 35/18**Prosjekt 'auka gåveinntekt'**

HB/ML

Det er tidlegare rapportert om prosjekt i bispedømet der Kviteseid sokn (og Notodden) er blitt vald ut som 'pilotmenigheter i prosjekt økte gaveinntekter'. Bispedømet har tilsett ein prosjektleiar, og arbeidet hos oss tar til straks SR i Kviteseid eventuelt vedtek å vera med. Det vil krevje ekstra arbeid her lokalt, men med god vegleing og hjelp av konsulenten og styringsgruppa til prosjektet.

Under møtet 28.2. gav soknerådet uttrykk for litt skepsis til prosjektet av di dei ikkje visste kva det inneber av meirarbeid for oss. SR ynskte å sjå prosjekt-beskriving før dei tek ei endelig avgjersle.

Beskrivinga av prosjektet ligg vedlagt til innkallinga her.

Prosjektleiar Tore Gullaksen frå bispedømekontoret er til stades på SR-møtet og forklarar meir kva prosjektet går ut på. Han seier mellom anna at kor mykje arbeid det blir for soknerådet, tilsette og frivillige, kjem ann på kva slags nivå vi legg oss på her i Kviteseid.

Det er opp til soknerådet å vedta om ein vil vera med på prosjektet eller ikkje.

SR høyrer fyrst frå prosjektleiaren før rådet sjølv diskuterer saka og tar ei avgjerd. Moment til samtala i SR kan vera:

1. Kva for målsetjing har SR med tanke på gåver, innsamling, gjevarteneste og frivillig het?
2. På kva områder set økonomi grenser for oss i dag? Kva meir kan vi gjere med betre økonomi? Korleis kan vi styrke arbeidet?
3. Kva får vi tilbod om i prosjektet? Kan vi lære noko, og på kva slags måte kan det vere nyttig for oss?
4. Kva krevjast av ressursar i prosjektperiode (av SR, frivillige, tilsette, kostnadar, reising)?
5. Har vi forslag til alternative måtar å auke engasjement, frivillig het og inntekter som vi kan få til utan fagleg hjelp utanfrå, og som vil koste oss mindre tid og ressursar?
6. Kva potensiale ser vi sjølv som vi ikkje har utnytta?

Vedlegg: Prosjekt økt gåveinntekt

To forslag til VEDTAK:Alternativ 1:

Soknerådet takkar Tore Gullaksen for utgreiinga og går inn for å delta som pilotmenighet i prosjektet «Styrking av gaveinntekter i menighetene» i Agder og Telemark bispedømme. Skriftleg avtale om samarbeid utarbeidast. Den må gjere gjera klårt både forventningar til kyrkjelyden og kva prosjektet vil tilby av tenester.

Alternativ 2:

Soknerådet takker for tilbodet om å delta som pilotmenighet i prosjektet «Styrking av gaveinntekter i menighetene» i Agder og Telemark bispedømme. Vi trur at dette er eit viktig satsingsområde for kyrkja, men takker nei til å delta i prosjektet i denne omgang.

Handsaming under møtet:

Etter innleiing ved Tore Gullaksen samtala soknerådet om saka. Det vart klart uttrykt ynskje om og behov for større engasjement. Eit resultat av engasjement kan vera auka

gjevarteneste. Barn og unge (Trusopplæring) og diakoni er to gode formål å profilera. Vi ynskjer å nytte høve til å få i gang gjevarteneste medan vi har tilgang på denne gratis konsulenttenesta frå bispedømme.

Håkon Birkeland og Kristen Salmelid freistar å få med ein eller to utanom soknerådet til ein komité.

VEDTAK:

Soknerådet takkar Tore Gullaksen for utgreiinga og går inn for å delta som pilotmenighet i prosjektet «Styrking av gaveinntekter i menighetene» i Agder og Telemark bispedømme såframt soknerådet får etablert ein komité med minst 3 medlemmar innan neste møte.

Sak 36/18, FR

Opne kyrkjer (ref. Sak 51/17)

HB

Saka har sitt utspring i eit brev frå prosten (12.06.2017) med ynskje om at kvart fellestråd/sokn i prostiet vurderer å halde ei kyrkje i kvar kommune open for alle som ynskjer det. Saka vart handsama i kyrkjeverjelaget i prostiet hausten 2017. Kyrkjeverja i Bø innhenta utsegn frå forsikringsselskapet om krav dei stiller for fortsatt å kunne forsikre kyrkje og inventar.

30. august 2017 bad kyrkjeverja om innspel frå rådet. SR ytra då ynskje om at kyrkjelydsutvala skulle uttale seg om det er interesse for å vera til stades som vakter/guidar på enkeltdagar med 'Open kyrkje' i dei forskjellige kyrkjene sommartid.

Staben hadde før dette drøfta saka og konkluderte med at dei trur det vil vera mest turister som vil nytte seg av ein open kyrkje, færre lokale. Anbefalinga så langt vil difor vera å ha ei kyrkje open dagtid på arbeidsdagar i sommarhalvåret. Kviteseid kyrkje vil då vera lettast å halde open etter at nokre verdisaker er låst vekk.

Vedtak 30.08.2017 lydde: *Soknerådet er opne for at det arbeidast vidare med om Kviteseid kan halde open ei av sine kyrkjer nærmast permanent, og ber om tilbakemelding for endeleg vedtak.*

Hausten 2017:

Kyrkjetenarane er samde med kollegaer i prostiet om at dei er skeptiske, mellom anna av frykt for meirarbeid med reinhald. Kyrkjene gjerast i stand til neste gudsteneste/gravferd o.a. når det passar med vêrtilhøva og anna arbeid. Det vil då vere meirarbeid om dei igjen må gjere kyrkja rein igjen etter besøk av fleire gjestar på ein til dømes våt sumardag.

Kyrkjelydsutvalet i Kviteseid er positive til Open kyrkje og uttalar som eit eksempel på kva dei kan gjere at *Frivillige kan sørge for låsing om kvelden*. Kommer det konkret spørsmål om dei kan stille som vakt eller vere til stades, så kan det vere at dei er positive til det òg.

Kyrkjelydsutvalet i Brunkeberg har samtala om det, men ikkje konkludert. Dei såg for seg at det kunne vere vanskeleg å halda kyrkja open alltid. Dei blei sagt at kanskje nabo Reidun Torsdalen som har nøkkel kan opne ved førespurnad viss nokon vil inn.

Kyrkjelydsutvalet i Vrådal meinte at det ikkje var så aktuelt for Vrådal, mellom anna på grunn av avstanden og staden.

Kyrkjelydsutvalet i Fjågesund har vi ingen ting frå.

Gamlekyrkja var på 90-talet open på dagtid, moglegvis i samarbeid med museet. Det er uklart kvifor den ordninga vart avslutta. Kyrkjeverja møter folk frå Vest-Telemark museum før sommaren.

Forsikringsselskapet KNIF er klare på kva som må låsast inn i safe eller lukka rom viss ei kyrkje skal være open for publikum utanom arrangement. Kort fortalt må alle lause verdigjenstandar vera innelåst i safe i låst sakristi.

Reint praktisk kan det verta mykje å organisera viss det skal gå på omgang kva for kyrkje som skal halde open til ein kvar tid. Det er ikkje ynskjeleg å 'belaste' eit enkelt kyrkjelydsutval med å halda open mykje av sommaren. Folk reiser på ferie og kvardagane vert annleis. Kyrkjelydsutvala må sjølv uttala seg om dei kan låse om kvelden og syte for reingjering viss det skulle vera naudsynt.

Er kyrkja open på kveldstid vil den vere utan ljøs. Gjester kan ikkje finna lysbrytarar.

Frå kyrkjevevja og staben sitt synspunkt er det ikkje ynskjeleg å få meirarbeid for dei tilsette. Kyrkjevevja foreslår at det kjøpast inn to skilt/bukkar med 'Open kyrkje'. I sommarhalvåret mellom mai og september (eller juni-aug.) setter kyrkjegardsarbeidar, kyrkjetenar eller sommarhjelp opp skiltet og held kyrkja open der dei til ein kvar tid arbeidar med reinhald eller vedlikehald inne eller ute. Staben er òg open for at kyrkjelydsutval kan gjere ein friviljug innsats med låsing og reinhald på kveldstid, men dette er krevjande å administrera når det ikkje er ein fast stad. Staben ynskjer ikkje open kyrkje på natta. Det kan godt tenkast at soknerådet må nedsette ein komité for å administrera Open kyrkje. Det kan ikkje kyrkjetenarar bruke tid på, og kyrkjevevja ser og at det kan vera krevjande..

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet er opne for at kyrkjer kan haldast opne på dagtid sommartid når tilsette til stades gjer arbeid som kan kombinerast med besøk, eller når kyrkjelydsutvalet sjølv tar ansvar for open kyrkje med det som følg med.

1-2 skilt med 'Open kyrkje/Church' vert kjøpt inn.

VEDTAK:

Som føreslege.

Sak 37/18 FR

Møte om Vrådal gamle kyrkjestad

HB

J.f. Sak 23/18 der vedtaket lydte slik:

VEDTAK:

Soknerådet ynskjer i dag ikkje å gjere eit vedtak om nedlegging av Vrådal gamle kyrkjegard. Rådet vil kalla saman til eit ope møte om staden, vår eller sommar 2018. Til møtet ynskjer rådet å invitere relevante fagfolk og spesielt interesserte og kunnige personar frå lokalsamfunnet til å fortelja om saga og kva det inneber å taka vare på eit slikt historisk fornminne.

Soknerådet ynskjer ei forplikting frå interesserte personar eller lag om at dei vil vere med å halde staden ved like på dugnad. Soknerådet ber kyrkjelydsutvalet i Vrådal fylgje opp vedlikehaldet. Eigarforholdet til staden må avklarast juridisk. Soknerådet haldast fortløpande orientert.

Her er oppdatering i saka:

Kyrkjevevja arbeidar for å få til eit møte ein tidleg kveld i veke 23, i juni 2018. Dato avtalast nærare med kulturminneavdelinga i Telemark fylkeskommune. Der hadde saka stoppa litt opp grunna ein permisjon, men er nå i gang att.

Vi vonar òg ein frå Riksantikvaren kan vera med. Vi har kontakt med kvarandre.

Lokale til å fortelje om staden er Leif Roholdt og Johannes Skarprud. Det er avtala.

Torjus Nordbø har òg mykje interessant etter far sin Halvor Nordbø som stod bak heftet om 'Vrådals gamle kyrkje ved Roholt' frå 1970. Andre lokale som Øyvind Jørgensen vil òg bli kontakta.

Frå Bispedømmerådet har rådgjever Geir Myre skrevet han vil være med. Han har fått nokon stikkord til innfallsvinkel.

Kyrkjevevja orienterer meir viss det er noko nytt i saka.

Soknerådet bør kanskje setje ned ein liten komité for dette arrangementet, for å ta seg av detaljer og praktiske ting saman med kyrkjevevja.

Til vedtaket sist er det klart at verken lag, foreiningar eller enkeltpersonar kan forplikte seg til framtidig vedlikehald, men det er ynskjeleg med ein positiv tilslutning på lik linje med det Historielaget i Kviteseid har uttrykt, at dei ynskjer å vera med. Kyrkjelydsutvalet fylgjer opp vedlikehaldet.

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet takkar for orienteringa og ber kyrkjevevja fylgje opp saka vidare. Soknerådet finn ein komité for arrangementet.

VEDTAK:

Soknerådet takkar for orienteringa og ber kyrkjevevja fylgje opp saka vidare. Soknerådet sett ned ein komité for arrangementet beståande av mellom anna Hanne Roholt, soknepresten og kyrkjevevja.

«Bygdekveld om Vrådal gamle kyrkje» vert torsdag 7. juni kl. 18.00

Sak 38/18

Sponsing av leirar til 'Ønsket og Elsket'

ML

Dei som har vært konfirmantar dette året, har fått tilbod om å bli med på leiarkurset «ønsket og elsket» i fortsettinga. Totalkostnaden for leiarkurset er på rundt 5000kr per deltakar. For dei som fullfører kurset blir 3300kr av dette subsidiert av kyrkjelydane og Ønsket og Elsket gjennom den avtalen som soknerådet har gått inn på tidlegare. Eigenandelen for kvar deltakar er då på 1700kr. Nokre av kyrkjelydane sponsar også sine ungdomsleiarar med noko av denne eigenandelen. I tillegg kjem støtteordning for dei som eventuelt har vanskeleg for å betale for å vere med.

Forslag til VEDTAK:

Deltakarane på 1. års leiarkurs i Ønsket og Elsket kan søke soknerådet om kr. 1000 i støtte til eigenandelen når 1. års leiarkurs er gjennomført.

VEDTAK:

Som føreslege.

Sak 39/17

Eventuelt

HB

Sak til neste møte:

Ikona i Vrådal kyrkje: Kyrkjelyden snakkar om ikona etter gudstenesta 29.04.2018 og kjem med ei uttale før neste soknerådsmøte.

Neste ordinære møte i soknerådet vert etter vedtak (69/17): 13. juni, 22.aug., 3. okt. og 21. nov.